

2020/46296-26

Saksnr: Tone Stedal Haugland,
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Eva
Kristin Svidal**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020

Ekstraordinære fylkeskommunale midlar til kultur og idrett, relatert til koronasituasjonen

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og inkludering sluttar seg til retningslinene for utlysing og tildeling slik dei framgår i saka.

Samandrag

I fylkestinget 9./10. juni jf PS 35/20 *Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune* avsett 35 766 169 kroner til disposisjonsfond for å avhjelpe konsekvensane av den pågåande pandemien gjennom relevante støtteordningar.

Fylkestinget ga fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetninga frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte) til hovudutvala for Næring og innovasjon jf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jf PS 49/20. Hovudutvala fekk fullmakt til å fordele midlane vidare. Fylkesutvalet vedtok i sak 135/29 at midlane skulle fordelast likt mellom dei to hovudutvala.

I saka vert det gjort framlegg om vedtak av føringar og retningsliner for utlysing av den halvparten av midlane som skal fordelast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om at avsette midlane som skal handsamast av KULII bør innrettast i høve følgjande hovudføremål:

- Idrett og friluftsliv
- Frivillig kulturliv
- Profesjonelt kulturliv

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektørRonny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Politiske vedtak

I sak 49/20, *Koronautbrotet - omfang, konsekvensar og tiltak i høve kultur, idrett og inkludering i Vestland pr juni 2020*, Fylkestinget 9.juni vart følgjande vedtak gjort:

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjekttilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helsestyresmaktene gjer gjeldande.
4. Ved handsaming av prosjekttilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltninga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å: - Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast. - Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien. Fylkestinget delegerer forvaltninga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltninga av desse.
8. Fylkestinget i Vestland er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største kunstmuseum, KODE. Fylkestinget vil på det sterkaste oppmode regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.

I same møte, sak 35/20 *Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune* vart følgjande vedtak gjort:

1. Rekneskapan for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapan og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
2. Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapan 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarende.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).
3. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jmf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jmf PS 49/20. Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.

Fylkesutvalet gjorde så følgjande vedtak i møte 18.juni, sak 135/2020 *Disponering av rekneskapsoverskot - Coronatiltak - ekstern støtte*:

1. Fylkesutvalet viser til fullmakt frå fylkestinget om disponering av 35,8 mill. kr av rekneskapsoverskotet for 2019 til støtte til eksterne tiltak i samband med koronapandemien.
2. Fylkesutvalet godkjenner at summen vert delt mellom hovudutvala for Næring og Kultur, idrett og inkludering med ein halvpart på kvart utval.
3. Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane etter eigne tildelingskriteria.

Vurdering av rammer for løvinga og forholdet til andre koronarelaterte tilskotsordningar

Med grunnlag i tidlegare politiske vedtak, bør dei avsette midlane, kr 17 883 000, som skal handsamast av KULII, rettast inn mot følgjande felt:

- Idrett og friluftsliv
- Frivillig kulturliv
- Profesjonelt kulturliv

Kulturfeltet er eit av dei samfunns- og næringsområda som har blitt ramma av konsekvensane av pandemien.

Utfordringane hjå dei store institusjonane innan det profesjonelle kunst og kulturlivet kjem i ei særstilling, også framover. Dei har ofte store produksjonar som må planleggast langt fram i tid, ofte med utanlandske kunstnarar og samarbeidspartnarar og samansett økonomi. For institusjonar som budsjetterer med høg grad av eigeninntekt har situasjonen fått særlege konsekvensar.

Dei fleste restriksjonane er pålagt av staten, og statlege sektorstyremakter har difor teke på seg hovudansvaret for å kompensere for dei tapa dette har ført med seg.

Kulturdepartementet har lansert og delt ut midlar frå ulike tilskotsordningar, og gitt Norsk Kulturråd og Lotteri- og stiftelsestilsynet ansvar for forvaltning og søknadshandsaming. I tillegg har kultur- og idrettsverksemdar, organisasjonar og kunstnarar og andre aktørar i feltet hatt høve til å nytte ordningar retta inn mot nærings- og arbeidsliv, som til dømes permittering av tilsette.

Nokre kommunar har også iverksett eigne ordningar for å bøte på konsekvensane av koronakrisa. I Vestland gjeld dette mellom andre Bergen og Høyanger kommunar.

Dei ulike tilskotsordningane og tiltakspakkane har fungert på ulikt vis og har vore justerte etter kvart for å tilpassast betre dei aktuelle behova. Likevel er det fleire aktørar som også no fell utanfor dei etablerte ordningane, og fylkesdirektøren vil tilrå at dei fylkeskommunale midlane skal brukast på verksemdar og tiltak som av ulike grunnar ikkje kan nytte dei allereie etablerte ordningane. Fylkesdirektøren ser det som lite tenleg at Vestland fylkeskommune skal innrette midlane i stramt definerte ordningar som i ulik grad fell saman med ordningar som allereie er etablert, men gje dei aktørane som har falt utanfor desse, høve til å oppretthalde aktiviteten i tråd med samfunnsoppdraget.

Situasjonen er framleis vanskeleg å føresjå, og det vil truleg vere strenge restriksjonar i ei god stund framover. Idretts og kulturlivet er særleg råka av dette. 19. august vart det offentleggjort at staten skal støtte kulturlivet med 900 mill. kroner gjennom ei ny stimuleringsordning for å auke aktiviteten. Stimuleringsordninga frå staten har blitt godt motteke og fått brei støtte av kulturlivet nasjonalt. Det ligg ikkje føre retningslinjer eller nærare føringar på desse midlane enno.

Fylkesdirektøren er samd i at tida er inne for å sjå framover og å sikre kultur- og idrettssektoren mest mogleg føreseielege råmar slik at det er mogleg å oppretthalde aktivitet, på tross av usikre tider og skiftande føringar for smittevern og liknande.

Dei fell saman med arbeidet med planstrategi for Vestland fylkeskommune. I samband med dette arbeidet er det føreslege følgjande:

MÅL 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Ein av strategiane er at Vestland fylkes skal medverke til å minimere skadeverknadene, både på kort og lang sikt, som følgjer av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

Fylkeskommunen kan bidra med midlar til tiltak og verksemder som fell utanfor dei ordningane som allereie er etablert. Som regional utviklar er det viktig å halde på prinsippet om å støtte tiltak og verksemder som har ei regional rolle / funksjon. Fylkeskommunen skal ikkje overta ansvaret for det som først og fremst er eit lokalt og kommunalt ansvar, og heller ikkje det som er statleg. Vidare bør ein halde på prinsippa i saken til FT om å «dempe» effektane, og i tillegg være en slags siste skanse mot tunge konsekvensar.

Det er ein samansett økonomi i kunst- og kulturfeltet. Frå enkeltkunstnarar som har fleire ulike jobbar – både innan det kunstrelaterte og andre jobbar utanfor dette fagfeltet for å ha ei leveleg årsløn – til tunge institusjonar med betydeleg statsstøtte som i varierende grad er avhengig av billettsal og privat finansiering i tillegg. Dette gjer det særleg vanskeleg å finne ordningar med kriteria som dekker dei ulike individuelle behova.

På oppdrag fra Kulturrådet har Menon Economics i samarbeid med BI Centre for Creative Industries (BI:CCI) gjennomført fleire undersøkingar og vurderingar av effektane av koronakrisen på kultursektoren. Dei har sett på heile verdikjeda og bruker stort sett omgrepet kulturnæringar om heile kulturfeltet. Dei dokumenterer store negative konsekvensar for store deler av kulturnæringa, og særskild for dei som har hatt stor eigeninntening og lite offentleg støtte. Fylkesdirektøren vil peika på at næringsverksemd innan kulturfeltet må løysast med næringsmessige verkemiddel og vil føreslå at midlane denne saka omhandlar vert nytta kulturpolitisk for å sikra drift og aktivitet til trass for meirutgifter forårsaka av pandemisituasjonen.

Når det gjeld frivillig sektor / idrett og friluftsliv er det også viktig å innrette dei ekstraordinære midlane til regionale aktørar. Det vil vere ope for at desse aktørane kan søkje midlar frå ordninga som dei vil vidareformidle til mindre aktørar på feltet for å oppretthalde normal aktivitet. Vidare ser ein at det kan vere behov for ekstraordinære midlar til regionale aktørar for at dei sjølv kan oppretthalde ein normal aktivitet i desse tider.

Oppsummering

Fylkesdirektøren tilrår at innrettinga av desse ekstraordinære fylkeskommunale koronamidlane må vere open, men med visse avgrensingar. Hovudmålet for ordninga vil vere å stimulere til vidare aktivitet. Samtidig må det vere mogleg for einskilde organisasjonar å søkje om kompensasjon / krisemidlar. I så tilfelle må den einskilde argumentere for og dokumentere kvifor dei fell utanfor statlege eller andre kompensasjonsordningar.

Midlane bør såleis innrettast som ekstraordinære midlar til ordinær aktivitet.

Midlane må bidra til at det, til trass for situasjonen, er mogleg å planlegge og jobbe for eit levande kultur- og idrettsliv i fylket.

Fylkesrådmannen tilrår at dei løyvde midlane vert lyst ut og tildelt etter følgjande føringar og retningslinjer:

Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar

Vestland fylkeskommune lyser ut ekstraordinære midlar i ei tilskotsordning som skal stimulere til kulturaktivitet av regional verdi. Det er til saman sett av 17 883 000 kroner til denne ordninga som skal fordelast mellom desse områda:

- Idrett og friluftsliv
- Frivillig kulturliv
- Profesjonelt kulturliv

Føremål med ordninga

Føremålet er å oppretthalde kulturaktivitet i Vestland på tross av dei innskrenkingar som koronapandemien medfører.

Omgrepsavklaring

Som regional utviklar støtter fylkeskommunen tiltak som har ei regional rolle / funksjon. Fylkeskommunen kan ikkje kompensere for aktivitetar og verksemder som først og fremst er eit lokalt ansvar.

Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om aktiviteten omfattar fleire kommunar og / eller om aktiviteten vert gjennomført i meir enn to kommunar.
- Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Alle tilrådde kulturaktivitetar / arrangement skal ha regional verdi – geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Kven kan søkje

Søkjaren må vere offentlege eller private verksemder.

Verksemder som har fått driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune i 2020 er prioriterte.

Søknadsfrist

1.november

Kva kan ein få støtte til?

Verksemder kan få støtte til allereie planlagt aktivitet i 2020 eller 2021 som har fått / får auka utgifter grunna avgrensingar som koronapandemien medfører.

Den aktuelle pandemisituasjonen er i endring og vanskeleg å forutsjå. Tildelt beløp kan såleis verte avkorta dersom endringar i situasjonen kan gje høve til auka inntekter på gjennomføringstidspunktet. Døme på dette kan vere høve til auka billettsal, deltakaravgift, eigeninntekter mv.

Omsøkt kulturaktivitet skal vere lokalisert i Vestland.

Denne ordninga har ikkje som hovudhensikt å kompensere for tap som kulturlivet opplever under pandemien, men først og fremst sikre aktivitet og gje høve til langsiktig planlegging. Det er staten som har hovudansvaret for kompensasjon av tap som dei pålagte restriksjonane har ført til og vil føre med seg. Det vil likevel vere ope for å søkje om kompensasjon for tap, men det må då gå klart fram av søknaden kvifor tiltaket ikkje er omfatta av statlege eller andre kompensasjonsordningar.

Regionale paraply- og nettverksorganisasjonar innan frivillig sektor / idrett og friluftsliv har høve til å vidareformidle midlar til sine medlemmer. Søknaden må då innehalde føremål og plan for slik vidareformidling.

Vurdering av søknad

Følgjande punkt vert lagt til grunn for vurderinga:

- Regional kulturverdi
- Motteke driftsstøtte 2020
- Verksemda / tiltaket fell ikkje inn under statlege eller andre kompensasjonsordningar
- Behovet for ekstraordinære midlar for å gjennomføre den aktuelle aktiviteten / tiltaket.
- Konsekvens av inntektsbortfall

Tal på søknadar og samla søknadssum vil vere avgjerande for korleis midlane vert fordelt. Støtte gjennom denne støtteordninga er ikkje rettighetsbasert.

Fylkesdirektør tek sikte på å setje ned ei tverrfagleg gruppe i avdeling for kultur, idrett og inkludering som skal førebu saka for politisk handsaming.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf vedtak i fylkestinget 9./10. juni

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane er avsett til føremålet i fylkestinget 9./10. juni

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: kultur- og idrettsaktivitetar/-tiltak er viktig for folkehelsa

Regional planstrategi: ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet i Vestland som er råka av koronarestriksjonar vert etablert og lyst ut som ei tilskotsordning for aktivitet med eit klårt kultur- og idrettsføremål. 17 883 000 kroner er sett av til ordninga.